



Innkalling
av
Levekårsutvalet

Møtedato: 22.05.2018
Møtestad: Nordhordlandshallen, kantina
Møtetid: 12.00

Eventuelle forfall må meldast til følgjande epost adresse: Folkevalde@lindas.kommune.no.
Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Orienteringar:

- Jordmortenesta v/Nina Stangeland-jordmor og Reidun Sæbdal-einingsleiar Helsetenester
- Alternativ opplæring v/Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst
- Kriterier/prinsipper for tildeling av kulturmidler v/Eileen Feste-kulturkonsulent
- Status Lonane-planen v/Line Thuen Waage-rådgjevar Plan

Sakliste

Saknr	Tittel
028/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
029/18	Godkjenning av møteprotokoll – 24.04.2018
030/18	Byggeprogram ny kommunal barnehage på Lindås
031/18	Kulturmidlar 2018 - hovudtildeling
032/18	Utgreiing: mogleg plassering av eit regionalt kulturhus med badeanlegg i Knarvik

11. mai 2018

Asle Hetlebakke
møteleiar

Nora Gjerde
møtesekretær

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
028/18	Levekårsutvalet	PS	22.05.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Nora Gjerde	18/1451

Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent

Saksopplysningar:

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
029/18	Levekårsutvalet	PS	22.05.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Nora Gjerde	18/1451

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg:

Protokoll - Levekårsutvalet - 24.04.2018

Møteprotokollen vert godkjent

Saksopplysningar:

Møteprotokoll for Levekårsutvalet

Møtedato: 24.04.2018
Møtestad: Nordhordlandshallen, kantina
Møtetid: 14.00 - 17.05

Kl. 08:30 Synfaringar i barnehagar og skular
Kl. 12:00 dialogmøte Oppvekst
Kl. 14:00 ordinært Levekårsutvalsmøte/sakshandsaming

Orienteringar:

-Heildøgns omsorgsplassar for eldre v/Leni Dale-kommunalsjef helse og omsorg
-Status vedkomande Knarvik ungdomsskule-plass til hausten v/Morten Olsen Schulstad-ektor
Knarvik ungdomsskule

Diverse merknader:

Sak 023/18 vart handsama før sak 022/18.
Anna K. Valle-Sp gjekk etter handsaming av sak 024/18.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Asle Hetlebakke	KRF	Utvalsleiar
Vetlemøy Wergeland	KRF	Medlem
Leidulv Brunborg	AP	Nestleiar
Anita Bakken	MDG	Medlem
Øystein Reidar Moldeklev	FRP	Medlem
Olav Magnus Steinsland	H	Medlem
Anne Karin Angelskår Eknes	KRF	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Tove Linnea Brandvik	AP	Medlem
Ingeborg Myksvoll	SP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Mette Marei Træland	AP	Tove Linnea Brandvik
Anna K.Valle	SP	Ingeborg Myksvoll

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Christian Reinshol-rådgjevar Plan, Frøydis Ones-avdelingsleiar Plan, Inger Marie Jordal-prosjektleiar Drift eigedom, Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst, Leni Dale-kommunalsjef Helse

og omsorg, Line M.Valle-einingsleiar Egedom, Morten Olsen Schulstad-rector Knarvik ungdomsskule, Ragna Midtbø-einingsleiar Grunnskule, Nora Gjerde-sekretær.

Sakliste

Saknr	Tittel
017/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
018/18	Godkjenning av møteprotokoll
019/18	Bustader for menneske med rus - og psykiatriliding
020/18	Høyring - Norm for lærartettleik i grunnskulen
021/18	1. gangs handsaming av reguleringsplan E39 Mundalsberget bomstasjon, plan-id 1263-201801
022/18	1. gangs handsaming av reguleringsplan Alver næringsområde sør, plan-id 1263-201601
023/18	Alversund områdeplan til første gongs offentlig ettersyn og høyring
024/18	Avklaring felles skule Eikanger og Kløvheim
025/18	Ny Alversund skule og fleirbrukshall - revidert romprogram
026/18	Endring - reglement Ungdomsrådet
027/18	Melding / orientering til Levekårsutvalet - 24.04.2018

017/18: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent

24.04.2018 LEVEKÅRSUTVALET

Innkalling og saksliste vert godkjent, samrøystes.

LE - 017/18 VEDTAK:

Innkalling og saksliste er godkjent

018/18: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent

24.04.2018 LEVEKÅRSUTVALET

Møteprotokoll frå møte - 06.03.2018 vert godkjent, samrøystes.

LE - 018/18 VEDTAK:

Møteprotokoll frå møte - 06.03.2018 er godkjent.

019/18: Bustader for menneske med rus - og psykiatriliding

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Rådmannen rår til at det vert vedteke eit nytt mandat for prosjektet der ein har rom for å utarbeide byggeprogram der ombygging er eit alternativ til nybygg. Prosjektet får mandat til å greie ut kostnader, framdrift og andre konsekvensar ved ei ombygging av eksisterande kommunal bygningsmasse.

23.04.2018 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Orientering til saka v/Line M Valle-einingsleiar Eigedom
Saka vert teke til orientering.

RMNF - 015/18 UTTALE:

Uttale i RMNF:

Ingen merknader.

24.04.2018 LEVEKÅRSUTVALET

Orientering til saka v/Line M. Valle-einingsleiar Eigedom

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå Asle Hetlebakke-Krf: Nytt punkt:

-Levekårsutvalet bed om at Stoltz-tomta i Knarvik vert vurdert til dette prosjektet.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

LE - 019/18 INNSTILLING:

Innstilling i Levekårsutvalet - 24.april 2018:

Rådmannen rår til at det vert vedteke eit nytt mandat for prosjektet der ein har rom for å utarbeide byggeprogram der ombygging er eit alternativ til nybygg. Prosjektet får mandat til å greie ut kostnader, framdrift og andre konsekvensar ved ei ombygging av eksisterande kommunal bygningsmasse.

-Levekårsutvalet bed om at Stoltz-tomta i Knarvik vert vurdert til dette prosjektet.

020/18: Høyring - Norm for lærartettleik i grunnskulen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune svarar på høyringa ved å synleggjere kva for konsekvensar innføring av lærarnorm vil få for lærartettleiken i kommunen.

24.04.2018 LEVEKÅRSUTVALET

Fellesframlegg: Tillegg til rådmannen sitt framlegg:

Lindås kommune er svært urolege for at dette vil gå ut over tidleg-innsats satsingen i kommunen.

Famlegget vart samrøystes vedteke.

LE - 020/18 VEDTAK:

Lindås kommune svarar på høringa ved å synleggjere kva for konsekvensar innføring av lærarnorm vil få for lærartettleiken i kommunen.

Lindås kommune er svært urolege for at dette vil gå ut over tidleg-innsats satsingen i kommunen.

021/18: 1. gangs handsaming av reguleringsplan E39 Mundalsberget bomstasjon, plan-id 1263-201801

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for E39 Mundalsberget bomstasjon, plan-id 1263-201801, ut til høyring og offentleg ettersyn på følgjande vilkår:

1. Ny § 4.2.1: Krav til sikring. Naudsynt fjellsikring skal gjennomførast før det vert sett i gang arbeid med etablering av galge for bomstasjonen. Gjerde skal etablerast før tilkomststid til tekniske anlegg for bomstasjonen vert teken i bruk.

.....

21.03.2018 PLAN- OG MILJØUTVALET

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - 045/18 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for E39 Mundalsberget bomstasjon, plan-id 1263-201801, ut til høyring og offentleg ettersyn på følgjande vilkår:

1. Ny § 4.2.1: Krav til sikring. Naudsynt fjellsikring skal gjennomførast før det vert sett i gang arbeid med etablering av galge for bomstasjonen. Gjerde skal etablerast før tilkomststid til tekniske anlegg for bomstasjonen vert teken i bruk.

23.04.2018 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Orientering til saka v/Christian Reinshol-rådgjevar Plan
Ingen merknader, samrøystes.

RMNF - 017/18 UTTALE:

Uttale i RMNF:

Ingen merknader.

24.04.2018 LEVEKÅRSUTVALET

Vara Anna K. Valle-Sp sa seg ugild i handsaming av denne saka.

Ingen merknader, samrøystes.

LE - 021/18 UTTALE:

Ingen merknader.

022/18: 1. gangs handsaming av reguleringsplan Alver næringsområde sør, plan-id 1263-201601

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Alver næringsområde sør, plan-ID 1263-201601, ut til høyring og offentleg ettersyn på følgjande vilkår:

1. Endre § 2.2 til å omfatte alle bygge- og anleggstiltak innanfor planområdet og ta ut kulepunkt 2 knytt til at 10 nye parkeringsplassar kan etablerast før Alvervegen må vere ferdig utbetra.
2. Byggegrenser mot tilstøytande reguleringsplan i vest som ikkje er knytt til køyreveg vert fjerna. Byggegrenser mellom BN1 og BN2 som ikkje er knytt til veg vert fjerna.
3. Planskildring og føresegner vert retta opp i samsvar med saksutgreiinga.

.....
07.03.2018 PLAN- OG MILJØUTVALET

K. Vågstøl-H sa seg ugild grunna kundeforhold og gjekk difor frå under handsaming av denne saka.

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke mot 2 røyster (S. Hauge-Ap, H. Brunborg-Ap)

Endringsframlegg frå Sæbjørg H. Kjeka-Krf:

§ 8.1 Innanfor #1 skal det, etter plan godkjent av rett fagmynde, etablerast framtidig veg vidare inn i BN3 og/eller til Galteråsen.

Ved prosjektering av veg innanfor #1 gjennom LNF-området/planområdet, skal tursti sikrast planfri kryssing av vegen.

Framlegget vart vedteke mot 2 røyster (S. Hauge-Ap, H. Brunborg-Ap)

PM - 035/18 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Alver næringsområde sør, plan-ID 1263-201601, ut til høyring og offentleg ettersyn på følgjande vilkår:

1. Endre § 2.2 til å omfatte alle bygge- og anleggstiltak innanfor planområdet og ta ut kulepunkt 2 knytt til at 10 nye parkeringsplassar kan etablerast før Alvervegen må vere ferdig utbetra.
2. Byggegrenser mot tilstøytande reguleringsplan i vest som ikkje er knytt til køyreveg vert fjerna. Byggegrenser mellom BN1 og BN2 som ikkje er knytt til veg vert fjerna.
3. Planskildring og føresegner vert retta opp i samsvar med saksutgreiinga.

§ 8.1 Innanfor #1 skal det, etter plan godkjent av rett fagmynde, etablerast framtidig veg vidare inn i BN3 og/eller til Galteråsen.

Ved prosjektering av veg innanfor #1 gjennom LNF-området/planområdet, skal tursti sikrast planfri kryssing av vegen.

23.04.2018 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Orientering til saka v/Christian Reinshol-rådgjevar Plan
RMNF meiner at det bør vera fortau og mogeleg for rullestolbrukarar (som arbeidstakarar) å koma fram til dette området. Det må sikrast framtidig kopling for gang- og sykkelveg til Galteråsen.

RMNF - 016/18 UTTALE:

Uttale i RMNF:

RMNF meiner at det bør vera fortau og mogeleg for rullestolbrukarar (som arbeidstakarar) å koma fram til dette området. Det må sikrast framtidig kopling for gang- og sykkelveg til Galteråsen.

24.04.2018 LEVEKÅRSUTVALET

Orientering til saka v/Christian Reinshol-rådgjevar Plan
Fellesframlegg:

-Levekårsutvalet er bekymra for auka trafikk, og med tyngre kjøretøy, i krysset ved hovedveg

(fylkesveg).

-Det må sikrast at veg til området i framtida går via Galteråsen, då med fortau.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

LE - 022/18 UTTALE:

Uttale i Levekårsutvalet - 24.04.2018:

-Levekårsutvalet er bekymra for auka trafikk, og med tyngre kjøretøy, i krysset ved hovedveg (fylkesveg).

-Det må sikrast at veg til området i framtida går via Galteråsen, då med fortau.

023/18: Alversund områdeplan til første gongs offentleg ettersyn og høyring

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

23.04.2018 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Orientering til saka v/Frøydis Ones-avdelingsleiar Plan
Ingen merknader, samrøystes.

RMNF - 018/18 UTTALE:

Uttale i RMNF:

Ingen merknader.

24.04.2018 LEVEKÅRSUTVALET

Orientering til saka v/Frøydis Ones-avdelingsleiar Plan

Ingen merknader, samrøystes.

LE - 023/18 UTTALE:

Uttale i Levekårsutvalet - 24.04.2018:

Ingen merknader.

024/18: Avklaring felles skule Eikanger og Kløvheim

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

- På grunn av utfordringar med val av skuletomt, beskrive i denne saka, blir ikkje vedtak om ny, felles skule for Kløvheim og Eikanger (sak 64/15) gjennomført.
- Eksisterande skulestruktur i Lindås kommune blir vidareført.
- Eikanger skule blir oppgradert. Avklaring på investeringsramme for ei oppgradering og driftskostnader blir avklart i samband med økonomiplanarbeidet 2019 – 2022.

.....

24.04.2018 LEVEKÅRSUTVALET

Orientering til saka v/Hogne Haugsdal-ass.rådmann og Inger Marie Jordal-prosjektleiar Drift eigedom

Det vart røysta over rådmannen sitt framlegg punkt for punkt:

Pkt. 1. På grunn av utfordringar med val av skuletomt, beskrive i denne saka, blir ikkje vedtak om ny, felles skule for Kløvheim og Eikanger (sak 64/15) gjennomført.

Framlegget vart vedteke mot 1 røyst (Anna K. Valle-Sp)

Pkt. 2. Eksisterande skulestruktur i Lindås kommune blir vidareført.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Pkt. 3. Eikanger skule blir oppgradert. Avklaring på investeringsramme for ei oppgradering og driftskostnader blir avklart i samband med økonomiplanarbeidet 2019 – 2022.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå Krf: Tilleggspunkt:

Alternativ 1, Fyllingsnes vert valt som ny skuletomt i Eikanger skulekrins.

Framlegget vart vedteke med 8 røyster (Krf, Ap, Mdg, Frp, H)

Framlegg frå Anna K. Valle-Sp: Nytt punkt 4.:

Prosjekt Ny skule for Eikanger og Kløvheim vert å realisera frå lokasjon 22, Myråsen.

Framlegget fekk 1 røyst og fall (Anna K.Valle-Sp)

LE - 024/18 UTTALE:

Uttale i Levekårsutvalet - 24.04.2018:

- På grunn av utfordringar med val av skuletomt, beskrive i denne saka, blir ikkje vedtak om ny, felles skule for Kløvheim og Eikanger (sak 64/15) gjennomført.
- Eksisterande skulestruktur i Lindås kommune blir vidareført.
- Eikanger skule blir oppgradert. Avklaring på investeringsramme for ei oppgradering og

driftskostnader blir avklart i samband med økonomiplanarbeidet 2019 – 2022.

- Alternativ 1, Fyllingsnes vert valt som ny skuletomt i Eikanger skulekrins.

025/18: Ny Alversund skule og fleirbrukshall - revidert romprogram

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Rådmannen tilrår å vedta revidert romprogram slik det ligg føre.

23.04.2018 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Orientering til saka v/Inger Marie Jordal-prosjektleiar Drift eigedom
Øystein Moldeklev er også representant frå RMNF i denne prosjektgruppa.

Saka vert teke til orientering, samrøystes.

RMNF - 020/18 UTTALE:

Uttale i RMNF:

Ingen merknader.

24.04.2018 LEVEKÅRSUTVALET

Orientering til saka v/Inger Marie Jordal-prosjektleiar drift Eigedom og Kristin Moe-kommunalsjef
Oppvekst

Framlegg frå Ø. Moldeklev-Frp:

Det blir tatt inn igjen styrkerommet og den garderoben som er fjerna. Dette for å ivareta idrettens
interesser. Styrkerom vil gje spelemidlar.

Framlegget fekk 1 røyst og fall (Ø. Moledklev-Frp)

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 7 røyster (H, Mdg, Ap, Krf)

LE - 025/18 UTTALE:

Uttale i Levekårsutvalet - 24.04.2018:

Revidert romprogram vert vedteke slik det ligg føre.

026/18: Endring - reglement Ungdomsrådet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Endring i kap.10.2 i politisk styringsstruktur og reglement. «Sitjande ungdomsråd kan velja inntil 5 representantar som får sitja 2 år. Desse vert valt inn i tillegg til valet av representantar ved oppstart av nytt skuleår.»

24.04.2018 LEVEKÅRSUTVALET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE - 026/18 INNSTILLING:

Innstilling i Levekårsutvalet - 24.04.2018:

Ingen merknader.

027/18: Melding / orientering til Levekårsutvalet - 24.04.2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Meldinga vert teke til orientering.

24.04.2018 LEVEKÅRSUTVALET

Meldinga vert teke til orientering, samrøystes.

LE - 027/18 VEDTAK:

Meldinga vert teke til orientering.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	
030/18	Levekårsutvalet	PS	22.05.2018
	Formannskapet	PS	
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Linn Hagen	17/2089

Byggeprogram ny kommunal barnehage på Lindås

Vedlegg:

Vedlegg C - 130403-1 Plantegning ny vannledning ved Lindås barneskule 20.11.2015_A1 .._Vedlegg E1 - Helseverngodkjenning - Lindås barneskule(1)Vedlegg E2 - Lindås barneskule - Vedlegg 1 - Gjennomgang og vurdering(1)Vedlegg E4 - Lindås Barneskule - Vedlegg 3 - Arealberekning utearealVedlegg E3 - Lindås barneskule - Vedlegg 2 - Arealberekning inneareal(1)Vedlegg D- 1957-B-20939 - rev C - TrasekartVedlegg F- Folketalsprognose_Lindaas_rapport_2015_02_23Vedlegg G - LindåsBarenhage_Eiendommer innenfor planområdetVedlegg B - Romprogram (15350)Vedlegg A – Komplette Byggeprogram (15350)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Kommunestyret godkjenner byggeprogrammet slik det ligg føre med ei total økonomisk ramme på 65.324 mill. for perioden 2016-2021.
2. Kommunestyret godkjenner oppstart av forprosjekt.

.....

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Levekårsutvalet.

Saka skal til innstilling i Formannskapet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Innleiing - kort om prosjektfasar og byggeprogram spesielt

Bakgrunn, Reglar for styring av investeringsprosjekt i Lindås kommune

Eit investeringsprosjekt (Byggeprosjekt) består av fire fasar.

1. Programmeringsfasen
 - a. Behovsvurdering (Forstudie barnehagetomt på Lindås - størrelse og plassering)
 - b. **Byggeprogram** (Noverande fase)
2. Prosjektering/funksjonsbeskrivingsfasen
 - a. Skisseprosjekt
 - b. Forprosjekt (funksjonsbeskriving ved totalentrepriser)
 - c. Detaljprosjekt
 - d. kontrahering
3. Byggefasen
4. Drift- og reklamasjonsfasen.

Produksjon 3-5 år					Bruk 60+ år	
Programmering	Prosjektering		Utføring/bygging		Drift og vedlikehald	
Behov /Byggeprogram	Skisse- /forprosjekt	Detaljprosjektering	Montasje	Overtaking	Garantitid/ reklamasjon	Vanlig drift

Byggeprogrammet skal gje oversyn over heile prosjektprosessen, vise føremål, behov og ressursramme. Vidare skal byggeprogrammet danne grunnlag for utforming av konkurransegrunnlag/kravspesifikasjon.

Det er ulik grad av usikkerheit knytt til dei ulike fasane. Frå ei kalkyleusikkerheit på +- 50 % i behovsvurderingsfasen og til +-10% når prosjekteringsfasen er ferdig. Byggeprogrammet har ei kalkyleusikkerheit på +-30 %. Dersom uforutsette element og antatte risikoelement slår inn i prosjektet vil dette påverke kostnadane. Når tilbuda kjem inn, i skisseprosjektfasen, vil usikkerheita vere redusert og eit meir detaljert budsjett blir lagt fram.

Kva usikkerheit er knytt til dette prosjektet er beskrevet i Vedlegg A Komplette byggeprogram.

I denne konkrete saka skal kommunestyret ta stilling til byggeprogrammet for ny kommunal barnehage på Lindås, sone nord.

Bakgrunn

«Kommunestyret ber rådmannen utarbeide ein forstudie vedr. bygging av ny Kolås barnehage på Lindås. Forstudien skal primært avklare størrelse på ny barnehage og val av tomt. Forstudien bør også innehalde ei grov økonomisk vurdering av netto verknad av investeringa i driftsbudsjettet. Forstudien vert gjennomført hausten 2016. Det vert sett av kr. 500 000,- til forstudien. Dette vert finansiert frå disposisjonsfond.»

Vedtak 16.06.2016 (16/1808 Økonomiplan 2017-2020): «Kommunestyret vedtek å legge inn

ein oppstartsløyving knytt til ny barnehage på Lindås på 30 mNOK i 2020.»

Prosjektmandat for Ny kommunal barnehage på Lindås, vedteke i FO 23.02.17 (17/477-17/4574).

Forstudie barnehagetomt på Lindås – størrelse og plassering, vedteke i FO 23.02.17/ KO 09.03.17 (17/477-17/4478).

KO – vedtak 09.03.17:

Kommunestyret vedtar å byggje ny kommunal barnehage på Lindås.

1. *Kommunestyret vedtar at barnehagen skal ha kapasitet på ca. 200 plassar*
2. *Kommunestyret vedtar at barnehagen skal plasserast på lokalitet 3 (ved Soria Moria).*
3. *Kommunestyret vedtar følgjande framdrift:*

Oppstart reguleringsarbeidet 2017, byggjestart 2020, og ferdigstilling i 2022.

4. *Kommunestyret vedtek ei økonomisk ramme på 72 millionar kroner til prosjektet.*

Ramma vert handsama i økonomiplanarbeidet 2018-2021.

Den økonomiske ramma vart satt til 60 mill i Økonomiplan 2018-2021.

Ingen endringar i 103/17 - 17/32363 - Økonomiplan 2018 – 2021 FO 23.11.17.

«Tomt til ny barnehage er avklart og skal ligge ved dagens Kolås barnehage avd Soria Moria. Det er

behov for ein barnehage for mellom 170 og 200 born. Det er sett kr 60 mill til prosjektet. Endelig

storleik blir avklart i byggeprogrammet. Planen er byggjestart i 2019. Avsett midlar i 2018, 2019 og 2020.»

Prosjektgruppa har med grunnlag i overnemnte vetak utarbeidd byggeprogram.

Avgrensingar

Dette inngår i prosjektet:

- Bygging av ny barnehage på Lindås med tilhøyrande infrastruktur.

Dette inngår **ikkje** i prosjektet:

- Kostnadar knytt til riving av eksisterande Kolås barnehage. (Avgjerd adm. styrings

gr 20.02.18)

Legg inn eit prosjekt for riving av den gamle barnehagen I økonomiplanen for 2019 – 2022.

- Evt. oppkjøp av tomt til eksisterande Kolås barnehage. (Avgjerd adm. styrings gr 20.02.18)
Lindås tomteselskapet eig tomta
- Bruk av Soria Moria er ikkje ein del av prosjektet (Avgjerd adm. styrings gr 22.01.18)

Samanheng med andre prosjekt og aktivitetar:

- Reguleringsarbeidet må vere klart før vi kan søkje om rammeløyve.
- Omlegging av høgspentkabel kV24/22 kV, BKK.
- Krav frå Statens vegvesen evt. Skyss
- Omfang knytt til tiltak langs Prestelva

Vurdering

Sjå komplett byggeprogram, Vedlegg A.
Underkapittel i saka er omtalt i Vedlegg A.

Barnehagekapasitet og dimensjonering

Norconsult har utarbeidd ein rapport som vurderer barnehagekapasitet og utbyggingsbehov i Lindås kommune. Barnehagekapasiteten er inndelt i tre soner – sone Nord, sone Sør og sone Aust.

I 2014 var det full barnehagedekning. I perioden 2016-2029 vil det etter prognosane, Vedlegg F, vere behov for ca. 400 nye plassar. I 2021 er det grunnlag for 184 nye barnehageplassar i kommunen. Ved ei eventuell utfasing av 56 plassar ved Kolås og Soria Moria (sone Nord) vert behovet 240 nye barnehageplassar. Dette behovet gjeld heile kommunen.

I sone sør er det fram til 2021 overkapasitet av barnehageplassar, men etter dette vil det vere behov for utbygging også her. I søre delen vil ein også måtte sjå behovet i samanheng med kommunesamanslåinga. Sone sør tilbyr i dag barnehageplassar til foreldre i sone aust og nord, grunna sentral lokalisering – og kan difor ha overkapasitet.

For sone nord tilseier prognosane frå 2014 at det i 2025 vil vere behov for ei kapasitetsutbygging på om lag 110 barnehageplassar. Den tek og med at når kapasiteten i Kolås barnehage inklusiv avdeling Soria Moria blir fasa ut, kjem desse plassane i tillegg. Ut frå 2015-tala vil dette seie 56 plassar i tillegg. Ifølge prognosen inneber det at ein ny kommunal barnehage i sone nord kan dimensjonera for nær 170 barnehageplassar.

Når ein no går inn og vurderer tala i prognosen og behovet etter barnehageopptaket i mars 2018, ser ein at Lindås kommune per i dag kan gje plass til alle som har søkt i nord. Kolås barnehage har i perioden 2015 – 2018 auka frå 56 til 70 plassar, og det er tatt høgde for at barna frå Åsheimkrinsen fortsatt nyttar plassar i Austrheim kommune. Desse utgjer pr. i dag 15 plassar.

Tabell 1 under viser at barnetalet i sone nord er ganske stabilt. Mellom anna har ikkje den forventta tilstrøyminga av

Fødselsår	2017	2016	2015	2014	2013	2012
Skule\Alder	0-år	1-år	2-år	3-år	4-år	5-år
Kløvheim	0	2	2	3	5	7
Festo	0	1	2	3	1	3
Myking	sjå Lindås	sjå Lindås	sjå Lindås	sjå Lindås	sjå Lindås	sjå Lindås
Eikanger	0	10	8	15	7	16
Leiknes	2	18	27	32	22	23
Knarvik	1	23	38	41	24	37
Seim	0	11	16	19	20	17
Skodvin	1	7	7	6	13	15
Åsheim	0	2	2	1	4	2
Ostereidet	1	14	14	20	16	8
Alversund	3	43	61	50	47	55
Lindås	36	33	39	38	38	27
SUM	168	164	216	228	197	210

Tabell 1 – barnetal, ALDERSGRUPPE 0 - 5 ÅR Tal pr. 15.01.18

Om ein går ut frå prognosen for auke frå 2015 – 2029, viser denne eit behov for 30 nye barnehageplassar i tillegg til dei eksisterande.

SKULEKRINS	ALDER	2015	2020	2029	ENDRING ANTAL Plassar
SKODVIN	1-2 ÅR	23	20	22	-2
	3-5 ÅR	29	27	30	+1
LINDÅS	1-2 ÅR	66	70	74	+16
	3-5 ÅR	91	104	121	+30
MYKING	1-2 ÅR	23	22	19	-8
	3-5 ÅR	39	33	32	-7
TOTALT BEHOV					+ 30 Plassar Fordelt på 24 store barn og 3 småbarn

Tabell 2

I tillegg kjem 30 store barn og 20 små barn i Kolås barnehage (totalt 70 plassar).

Basert på desse tala, tilrår Rådmannen å bygge ny kommunal barnehage i sone Nord – dimensjonert for 126 barnehageplassar inklusiv erstatningskapasitet for dei 70 plassane i Kolås barnehage.

Organisasjonsmodell

Kommunen har lagt til grunn Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v. og Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular utarbeidd av helsedirektoratet (RettleiarIS-2072). Føresegna omfattar barnehagen sitt totale ute- og inne areal, og må sjåas i samheng med krav sett i sentrale forskrifter vedkomande byggetekniske krav (TEK 17) og krav til universell utforming, samt formålsparagrafen i barnehageloven.

Dei tilsette sitt arbeidsmiljø blir regulert av arbeidsmiljøloven med forskrifter.

Rettleiande norm for storleiken på inne areal (Utdanningsdirektoratet) er 4 m² pr. barn over tre år og om lag ein tredel meir pr. barn under tre år, 5,3 m². Følgjande rom blir ikkje rekna med til leike- og opphaldsarealet: Personalrom, kontor, vaskerom, stellerom, toalett, oppbevaringsrom, inngang ,garderobe o.l.

Barnegruppene sine heimebaser/avdelingar skal vere tilpassa små barn mellom 1 og 2 år og store barn mellom 3 og 5 år. Det er ikkje programmert aldersblanda grupper frå 1 til 5 år. Dette for at det skal vere betre grunnlag for alderstilpassa leik og læring.

Det er og tilrådd 18 plassar per avdeling, med 9 små barn eller 18 store barn. Forsking viser at gruppestorleiken har mykje å seie for tilknytninga i småbarnsalderen og for førebygging av åtferdsproblem vidare i skulen. Graden av tidleg tilknytning kan mellom anna påverke relasjonen til kontaktlærar.

Studiar viser også at små barn treng små grupper og dei same vaksne å halde seg til (ref. Lars Gulbrandsen, forskar og prosjektleiar for GoBaN).

Små barn kan normalt knyte til seg fire til fem vaksne. Det gjeld i alle kulturar. Har barnet to foreldre betyr det 3 personar til. Difor er det viktig at barnet har minst ein tilknytingsperson i barnehagen, ref. May Britt Drugli, professor ved Regionalt kunnskapssenter for barn og unge (RKBU) i Trondheim. Drugli seier også at kvalitet for dei minste barna handlar om relasjonar.

I Tidlig trygg-prosjektet (NTNU) har forskarane studert åtferdsproblem hjå 850 barn frå fireårsalderen i 153 ulike barnehagar og sett korleis dei klarer seg på skulen to år seinare. Dei har både studert effekten av basebarnehagar i høve til avdelingsbarnehagar, og store og små grupper. Barn som går i små grupper i barnehagen får mindre åtferdsproblem på skulen, viser forskning frå NTNU. Basebarnehagar kjem dårlig ut av forskinga. Vidare hadde barn med tidlige teikn på åtferdsproblem som går i basebarnehage, over dobbelt så stor auke i konfliktnivå med læraren i første trinn, som barn frå avdelingsbarnehagar. Forskarane fann og at gruppestorleik, uavhengig av type barnehage, kan være viktig for å førebyggje åtferdsproblem i dei første skuleåra.

Valet av 18 plassar per avdeling vil dermed leggje til rette for strukturelle faktorar som gjev godt grunnlag for god kvalitet for barna.

Det er programmert:

- 3 avdelingar med 9 barn 0-2 år □ 27 barn/54 plasser
- 1 fleksibel avdeling □ 18 barn/18 plasser
- 3 avdelingar med 18 barn 3-5 år □ 54 barn/54 plasser

Det er programmert totalt 458 m² til leike- og opphaldsareal.

Alle avdelingane følgjer tilråding frå KDP sin rettleiande norm. Anbefalt areal er lokalisert ved avdelingane i form av avdelingsrom og temarom. 4 m² av naudsynt areal til leik ved Småbarnsavdeling nr. 3 og fleksiavdeling er medrekna i allrom på 70 m². Det vil seie at det er programmert 66 m² til allrom utover minimumskravet til KDP.

Allrommets funksjon er å samle fleire avdelingar til fellessamlingar, samle alle føresette. I tillegg er det teneleg å ha eit større areal tilgjengelig for fysisk aktivitet inne. Dette er i tråd med rammeplan for barnehage som påpeikar at barn skal ha tilgang til variert og utfordrande røremiljø, sanseopplevingar og kroppsleg leik både inne og ute.

Totalt bruttoareal for ny barnehage er berekna til 1512,3 m², 12 m² BRA/pr.plass.

Areal til utv. Soveareal og bodar kjem i tillegg.

Kostnadsvurdering

Kapasitet, plassar	126 plasser/ 99 barn
Avdeling, 1-2 år	3 avdelingar, 9 barn pr. avdeling (54/27)
	1 avdeling, 18 barn pr. avdeling (18)
Avdeling, 4-6 år	3 avdelingar, 18 barn pr. avdeling (54)
Avdelingar	7
Tilsette	Ca. 29 tilsette
Bruttoareal	1512,3 m ²
BTA pr. barn	12 m ² pr. plass
Byggekostnader	52.1 mill.
Entreprisekostnader vei, vann, VA	11.4 mill.
Regulering, offentlige gebyr	1.5 mill.
Total sum 2018-2021:	65 mill. inkl. mva*
*Forbruk 2016-2017	0.324 mill.
Det som er ført som bruk av løyvinga på 500 000 kr til forstudie ny barnehage er totalt 259 210 kr (netto) fordelt på 82 180 kr i 2016 og 177 030 kr i 2017. 324.012,5 kr. inkl. mva	
Total sum 2016-2021:	65.33 mill.

Alle tal er vist i millionar og inklusive mva.

Det er ikke medrekna kostnadar for tomtekjøp langs Fv. Planområdet vil truleg verte skrenka inn når planframlegget kjem på høyring. Grunneiere innenfor planområdet er vist i Vedlegg G.

Finansieringsplan

BRUTTO INVESTERINGAR	Prosjektkostnad	Forbruk 2016-2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Ny kommunal barnehage på	65.324		2.500.000**	18.000.000	43.875.000	625.000*

Lindås		324.013				
--------	--	---------	--	--	--	--

*Avsett til 1. driftsår

** Det ligg inne 500.000 i Økonomiplan for 2018.

Tilråding

Basert på tal frå barnehageopptaket i mars 2018 tala og gjennomsnittleg tilvekst av barn i sona, tilrår Rådmannen å bygge ny kommunal barnehage i sone Nord – dimensjonert for 126 barnehageplassar inklusiv erstatningskapasitet for dei 70 plassane i Kolås barnehage og Soria Moria.

Rådmannen rår kommunestyret til å godkjenne byggeprogrammet for ny kommunal barnehage på Lindås med ein total økonomisk ramme på 65.324 mill. for perioden 2016-2021.

.....

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
031/18	Levekårsutvalet	PS	22.05.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Eileen M Feste	17/2023

Kulturmidlar 2018 - hovudtildeling

Vedlegg:

Kulturmidlar 2018 - hovudtildelingLindås Kulturråd - uttale fordeling kulturmidlar 20182310 Barn og unge3750 KULTURVERN OG SAMLINGER3770 KUNSTFORMIDLING OG MUSIKK3850 ANDRE KULTURAKTIVITETER3800 IDRETT 2017Kulturmidlar idrett - Uttale frå Lindås Idrettsråd 2018Lindås Kulturråd - uttale fordeling kulturmidlar 2018

Saksopplysningar:



Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Levekårsutvalet	

Sakshandsamar:	Kultur- og aktivitetseininga	Eileen M Feste
	Arkivnr.: 17/2023	Klassering:

Kulturmidlar 2018 - hovudtildeling

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Levekårsutvalet vedtek rådmannens sitt framlegg om tildeling av kulturmidlar 2018 – hovudtildeling.

.....

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Levekårsutvalet.

Bakgrunn

Dei kommunale kulturmidlane har som målsetjing å styrkje fellesskap og livskvalitet i lokalmiljøet. Gjennom støtte til det lokale kultur-, idrett- og friluftsliv ønskjer Lindås kommune å stimulere til utvikling av nye idear, samarbeid og aktivitet. Gjennom eit mangfald skal alle ha høve til gode opplevingar.

Kommunestyret har løyvd kr 2.337.600 til kulturmidlar i 2018.

Levekårsutvalet gjorde vedtak i sak 15/18 – «Kulturmidlar 2018 – ramme for tildeling»

Kategori	Ramme 2018	Ramme 2017
Barn & ungdom	408.000	408.000
Kulturvern og samlingar	205.000	205.000
Kunstformidling/musikk	618.000	613.000
Idrett	836.000	831.000
Andre aktivitetstilbod	220.600	230.600
Tildeling haust 2018	50.000	50.000
	2.337.600	2.337.600

Vurdering

Tildeling i følgje rådmann si innstilling;

Kategori	Ramme 2018	Rådmann si innstilling 2018	Avvik
Barn & ungdom	408.000	296.500	111.500
Kulturvern og samlingar	205.000	208.000	- 3.000
Kunstformidling/musikk	618.000	618.150	- 150
Idrett	836.000	879.780	-43.780
Andre aktivitetstilbod	220.600	212.600	8.000
Tildeling haust 2018	50.000	122.570	70.420
	2.337.600	2.337.600	

Kommentar avvik

Barn & unge

Det er søkt totalt kr 563.742. Tilskot kr 296.500 utgjer i snitt ca 52,5%, noko som gir ein forholdsvis høg dekningsgrad. Det er få, store prosjekt som går inn under barn & unge spesifikt, men dei svært mange av søknadene i alle kategori omhandlar barn og unge.

Idrett

Vi har fått søknad frå Bergen- og Hordaland turlag om tilskot til sikringshytte ved Kalvedalshytta. Rådmannen innstiller på kr 40.000

Vidare er det komme søknad frå Trond Mohn Games 2018 om kr 8.000. Trond Mohn er som kjend ein betydeleg bidragsyter til idretten, også i Lindås kommune. Trond Mohn Games 2018 er ei hyllest til Mohn i samband med at han fyller 75 år i år.

Tildeling haust 2018

I ramme for kulturmidlar 2018 er det budsjettert kr 50.000 til tildeling haust 2018. Denne sum vert økt med ei eventuell «overskot» frå hovudtildelinga våren 2018.

Høyring

Lindås kulturråd og Lindås idrettsråd fekk saka til høyring 25. april. Lindås kulturråd sendar i sitt svarbrev at rådet har ingen spesielle merknadar til tildelinga, men tek føre seg ein del prinsipielle spørsmål om m.a. velforeiningar og bygdelag og om ein skal gje tilskot til helserelaterte lag samt pensjonistlag. Noko av det som rådet peikar på, vil bli vurdert i samband med nye Alver kommune (t.d. spørsmål om verktøy).

Lindås idrettsråd har i sin høyringsuttale 08.05.18, bedt om at det vert gjort nokre endringar i aktivitets/prosjekttilskot og i investering. Dette er gjennomført i framlagte innstilling.

Både Lindås idrettsråd og Lindås kulturråd ber om at tilskot til deira arbeid blir teie ut av budsjett for kulturmidlar og lagt som eit fast tilskot i budsjettet.

2310 BARN & UNGDOM

Til disposisjon: kr 408.000
Rådmann si framlegg kr 296.500

Kategori	Søkt	Rådmannens framlegg
Drift	110.242	77.000
Aktivitet/prosjektilskot	178.000	93.000
Investeringsstilskot	275.500	126.500
Totalt	563.742	296.500

Kommentar driftstilskot;

UL Idun

UL Idun mottar kr 83.000 i husleige frå Lindås kommune for lokalar til ungdomsklubben Entry i Ostereidet skulekrins. Dette utgjør ca 66% av laget sitt budsjett for 2018.
Rådmann innstiller på avslag.

AKTIVITES/PROSJEKTTILSKOT

Dei unges Festspeldag

Dei unges Festspel blir arrangert i samband med Festspelene i Bergen kvart år. 200 barn deltek. Også elevar frå Lindås kulturskule skal delta i år. Dei unges Festspeldag gir barn og unge som spelar eit instrument, dansar, syng eller spelar teater, høve til å opptre framfor eit publikum i festspeltida i Bergen.

CISV Nordhordland

CISV Nordhordland arrangerte påsken 2018 eit YOUTH MEETING for 14-15 åringar frå heile verda. I ei veke deltok 50 deltakarar, inkl leiarar, frå ulike land, på samling i Romarheim. CISV er eit internasjonal organisasjon som trur på fredbevarande arbeid som startar med barn.

Samhald 4H

4H er ei landsomfattande, ideell barn- og ungdomsorganisasjon som er livssyns- og partipolitisk nøytral. Dei 4 H'ane representerer «*klar hove, varmt hjarte, flinke hendar og god helse*».

Superhelg for 4H er ei samling der alle medlemmane får kurs i verva sine for å lære korleis eit styre skal fungere saman. Klubbrådsgjevarane vert samla til motivasjonskurs for å dele erfaringar for drift av klubbene. Helga blir avslutta med årsmøte for 4H Hordland der medlemmane deltek aktivt.

Pinsemenigheten Betania

«Connect» er barne-og ungdomsarbeidet i Pinsemenigheten Betania. Ca 70 barn og ungdom samlast annakvar fredag.

Alversund mållag

Mållaget legg vekt på arbeid retta mot skular og barnehagar og samarbeid med andre mållag og med lag som driv kulturarbeid i arbeidsområdet for Alversund mållag. Dei satsar m a på utdeling av bøker til barnehagane.

Kirkens SOS

Kirkens SOS i Bjørgvin er eit døgnope, sjølvmordsførebyggjande tilbod til alle innbyggjarane i Hordaland og Sogn og Fjordane. Kirkens SOS har ca 70 samtalar kvart døgn, heile året. Sjølvmordstankar er tema i halvparten av chattesamtalane og SOS-meldingane, og i 2.463 av telefonsamtalene i 2017.

Kirkens SOS sendar informasjon til alle vidaregåande- og folkehøgskular. Dei underviser også skuleelevar om psykisk helse og den gode samtalen.

Kirkens SOS har ingen særskilte prosjekt/tiltak retta mot Lindås kommune, men tilbodet som vert gjeve, gjeld heile befolkninga.

Edru livsstil Nordhordland

«God helgestart» har som mål å by eit rusfritt tilbod retta mot ungdom over 18 år. Dei skal tilby eit miljø med fokus på inkludering, respekt, humor, gode samtaler, nettverksbygging, vennskap, tryggleik og meistring. Dei søkjar særleg flyktningar og einsame. Tiltaket blir arrangert om fredagar og skal vere ei motvekt mot bruk av alkohol.

Skodvin skulemusikk

«Spel-med-vær-med» er eit prosjekt for å få inspirere barn barna på nye måtar til å starte som aspirantar til Skodvin skulemusikk. Barna vil få 8-10 veke med å lære noter og får låne instrument. Det vert avslutta med konsert.

Lindås ungdomslag

Lindås ungdomslag skal sette opp førestellinga «Kardemommeby» og «hakkebakkeskogen» vår/sommar 2018. Det blir en moglegheit for dei yngre i laget til å skape blest om seg sjølv og rekruttere nye medlemmar.

INVESTERINGSTILSKOT

Sakhald 4H

Samhald 4H skal leggje til rette møteplassar for folk i bygda. Klubben vil difor investere i «møteplassbenkar» med grill som blir sett ut på fjellet og ved stranda. Ein ønskje at folk i bygda skal nytte seg av tilbodet til uformelle treff, og på den måten bygge betre samhald.

Fritex ungdomsklubb

Fritex ungdomsklubb er eit klubbtilbod på Lindås for klassetrinn 5.-10. Klubben har vært i drift i mange år og utstyret ber preg av det. Det er behov for nytt lyd/lys utstyr for å kunne vere eit attraktivt tilbod til deltakarane.

Ungdomslaget Heimhug

Ungdomslaget Heimhug har eit aktivt revymiljø. Revygruppa arrangerer årlege førestillingar. Lyd/lysutstyret er i dårleg forfatning og trenger å skiftast ut. Dei skal saman med fagfolk bygge opp eit lyd/lys system som er tilpassa deira behov (song/tale).

Ungdomslaget Heimhug

Utleige av lagshuset til Ungdomslaget Heimhug, er ein viktig kjelde til inntekt til drift av huset. Stolene dei har er gamle og slitne, og det er behov for å skaffe 70 nye stolar.

Den nye storstova på Leknes skule er ein «konkurrent», og det er difor viktig at lokalane til UL Heimhug ikkje blir valt bort for nye lokalar grunna dårleg utstyr.

Ungdomslaget Nybrot

Ungdomshuset Dalheim ble bygd i 1931. Som mange av lagshusa i Lindås kommune, er det store behov for til dels kostnadskrevjande vedlikehald- og oppgradering. Ungdomslaget Nybrot jobbar med ein langsiktig plan for å oppgradere huset. I 2018 jobbar dei med å oppgradere gangen i hovudetasjen.

Hilland velforeining

Leikeplassen er ein arena der folk treffes. Leikeplassen på Hilland manglar disse. Ein disse som før stod på leikeplassen, måtte fjernas da den var farleg for barna å leike på.

3750 KULTURVERN- OG SAMLINGAR

Til disposisjon **kr 205.000**
Rådmann si framlegg **kr 208.000**

Kategori	Søkt	Rådmannens framlegg
Drift	288.000	121.000
Aktivitet/prosjektilskot	173.250	62.000
Investeringsstilskot	150.000	25.000
Totalt	611.250	208.000

Kommentar driftstilskot

Lindås sogelag

Lindås sogelag har teke ansvar for delar av Lindås kommune si samling av gjenstandar og førar arkiv på dette.

Lindås slusene

Laget «Lindås slusene» ble etablert i 2017. Laget har fått kr 250.000 i tilskot frå Hordaland fylkeskommune. Laget har som mål å fremje aktivitet rundt slusene på Lindås, samt samle midlar til diverse tiltak for slusene og området kring som ein del av sluseområdet. Slusene er av Kystverket, som eig anlegget, definert som eit sjøminnesmerke.

AKTIVITET/PROSJEKTTILSKOT

Sissel Anny Hjelmtveit

Sissel Anny har vært engasjert i lokalhistorie og formidling i mange år. Ho har vært aktiv i Lindås sogelag. Sissel Anny har teke tak i Den Trondheimske Postvei» frå Isdalstø til Nese (Seim). Ho har kontakta grunneigarane langs strekinga og snakka med folk som kjennar til Postvegen. Ho har no laga eit hefte om denne delen av postvegen. Spor av postvegen er i dag lite synleg og til dels borte. Gjennom arbeidet har Sissel Anny avdekt at den gamle postvegen ble lagt om fleire gangar. Hjelmtveit har vært i kontakt med Statens Vegvesen og

hatt arkeolog Tine Eikehaug frå vegvesenet med seg på synfaring på dette strekket av postvegen.

Sissel Anny Hjelmtveit søkjar midlar til å lage 50 hefter om Den Trondheimske postveg mellom Isdalstø og Nese.

Nordhordland frie vikingar

Arbeidar med immateriell kulturvern og eksperimentell arkeologi, historieformidling av vikingtid og tidleg middelalder. Viking- og middelaldardagar arrangeras i samarbeid med Lyngheisenteret og blir arrangert på senteret sitt område. Markedet varer i 3 dagar og har tradisjonell handverk og historieformidling i fokus. Det blir aktivitetar for alle.

Arrangementet er ein del av Kystsogevekene i Lindås kommune.

Eknesvågens Venner

Eknesvågens venner skal arrangere ulike aktivitetar i Kystsogevekene i august/september. Dei hentar m a inn eksterne føredragshaldarar og har aktivitetar knytt til kystsoge.

Lindås slusene

Laget skal fremme aktivitet kring slusene på Lindås. Slusene er av Kystverket, som eig anlegget, definert som eit sjøminnesmerke.

Vegard Eide

Vegard Eide søker støtte til å vidareutvikla og bevara Roparhaugsamlinga si immaterielle kulturarv. I 2017 fekk Eide støtte frå Levekårsutvalet til innkjøp av glasmonter. No blir det søkt midlar til å ferdigstillast utstillinga av innsamla historie knytt til tre kulturbrør frå Øvretveit – ein forfattar, ein skodespelar og ein felespelar/felemakar – samt lokal historie.

Alversund grendelag

Grendelaget har i fleire år jobba med lokal kulturhistorie, m a gjennom renovering av bautaene i området, vedlikehald av gamle stiar og leggje til rette for tur og trivsel. I 2018 skal grendelaget jobbe for å få skilt med lokalhistorisk informasjon, samt flyfoto av viktige minne/områder kring Gamlestova og Kraftlaget er teikna inn.

Lindås kyrkjepark

I 2018 skal det utførast tre fjerning framføre Lindås kyrkjepark samt kjøp av bark og buskar. Det meste av arbeidet blir utført på dugnad av «Vangsgutane», ein pensjonistgruppe på Lindås som har hatt «kyrkjeparken» som dugnadsprosjekt sidan 2002.

INVESTERING

Lindås slusene

Laget skal fremme aktivitet kring slusene på Lindås. Slusene er av Kystverket, som eig anlegget, definert som eit sjøminnesmerke.

3770 KUNSTFORMIDLING- OG MUSIKK

Til disposisjon	kr 618.000
Rådmann si framlegg	kr 618.150

Kategori	Søkt	Rådmannen si framlegg
Drift	937.300	409.650
Aktivitet/prosjekttilskot	369.000	137.000
Investeringstilskot	245.000	70.500
Totalt	1.551.300	618.150

Kommentar driftstilskot

Det blir gitt tilskot utfrå følgjande satsar

	Grunntilskot	Tilskot > 20 år	Tilskot 20 år >
Skulekorps	40000	300	150
Vaksenkorps	8000	300	150
Kor	5000	300	150

Songlaget Alvidt/Manger

Koret har søkt kr 7.300 og kan ikkje få meir enn det som er søkt.

Strilen Artist og Viseklubb

Laget får tilskot for medlemmar, ikkje grunntilskot.

Seim musikklag

Koret har søkt kr 7.300 og kan ikkje få meir enn det som er søkt.

AKTIVITET/PROSJEKTTILSKOT

Eikanger/Bjørsvik musikklag (EBML)

EBML er som regjerande Europameister 2017 invitert til å representere Norge i europameisterskapet for brass band i Utrecht, Nederland 4.-5 mai 2018. EBML har deltatt i EM 21 gongar tidlegare og har tre første, fem andre og to tredjeplassar som beste resultat.

Alversund kammerkor

Koret arrangerer eit Bach program hausten 2018. I samband med dette prosjektet skal det engasjeras ein gjestedirigent og to Bach seminar.

Songkoret Albatross

Songkoret Albatross feirar 30 årsjubileum i 2018. Kinoen på Fammestad feirar i år 35 årsjubileum. Koret og kinoen har funne saman i eit prosjekt dei har kalla «Frå Broadway til Folket ved sjøen». Prosjektet har filmmusikk som tema, frå tidelg 1900-talet fram til store filmar som Hobitten/Ringenes Herre i vår tid.

Musikken venner Nordhordland

Musikken venner Nordhordland planlegg 8 konsertar i 2018. Eit av arrangementa planleggas som utflukt. Av dei 6 andre arrangement blir 4 arrangert i Lindås. Den 8. konserten er ikkje bestemt kor skal arrangeras. Av artistane som skal opptre kan nemnas Nordic tenors, Reidun Horvei og Sigrid Moldestad

Alversund skulemusikkorps

Alversund skulemusikkorps skal i juni vere med i NM for skulekorps janitsjar i Bergen for første gong på nærare 20 år. Korpset samarbeidar med Austrheim skulekorps og Sagstad

skulekorps, som eit slags Nordhordland skulekorps, og eit ledd i NMF 100 års jubileum og korpsenes år 2018. Årsaka til samarbeidet er at alle dei nemde korpsa er så små og manglar delar av naudsynt besetning. Det planleggast seminar, eksterne instruktørar mm.

Oster Brass

Oster Brass har mange unge, lovande musikantar, og korpset er eit springbrett for unge mellom skulekorps og elitedivisjon. Hausten 2018 ønskjer Oster Brass å opne dørene for endå fleire unge talent i området, ved å arrangere ein solistkonsert der ein inviterer med solistar frå skulekorpsa i nærmiljøet. Nordhordland har mange gode skulekorps med mange flinke musikantar, og ein slik konsert håpar korpset vil vere til inspirasjon for musikantane i skulekorpsa og i Oster Brass.

Nordhordland kunstlag

Kunstlaget arrangerer seminar for sine medlemmar. Dette skal danne grunnlag for å skape prosjekt med m a barnehagane. Våren 2018 skal det arrangeras aktivitetshelg for kunstinteresserte.

Alversund musikklag

- Deltaking i NM janitsjar i Trondheim 16. og 17. mars 2018 inkl NM-seminar
- Sommarkonsertar i Alversund 8. juni og på Fløyen 9. juni
- Øvingsseminar på Seim i mai i samband med sommarkonsertane
- NM seminar i Knarvik 8. - 10. februar med innleigde instruktørar
- NM-deltaking i Trondheim 16. - 17. mars
- Seminar på Seim 4. - 6. mai saman med Fortunens musikkorps i Bergen

Dette er nokre av dei aktivitetane i samband med musikkorpsas år og NMF sitt 100 års jubileum. Som einaste amatørkorps med janitsjarbesetning i Lindås kommune (eitt av to i Nordhordland), er Alversund også avhengig av å søka kontaktar utanfor kommunen sine grenser for å få eit variert Musikalsk miljø

Grønn Knapp AS

Grøn Knapp AS startar opp som ein bedrift innan sosialt entreprenørskap i Lindås kommune. Parallelt med oppstart av bedrift ønskjer Grønn Knapp AS å arrangere internasjonale søm- og handarbeidstreff for alle med denne interessa i nye Alver kommune. Det vil være et særlig fokus på å inkludere innvandrar- og flyktningkvinner på desse arrangementa for å skape ein arena for samhald og forståing på tvers av kulturar og bakgrunn. Ein kan samlas om ei felles interesse, bli inspirert og lære av kvarandre. I lokalar på Garveriet i Isdalstø kan ein skape eit kreativt miljø med fokus på søm- og handarbeidstradisjonar frå heile verda. Det at aktiviteten skal kunne gå føre i desse spesifikke lokalane vil være avhengig av at bedrifta klarer å etablere seg. Prosjekt med søm- og handarbeidstreff vil uansett kunne gjennomførast, men om bedrifta ikkje lukkast med oppstart vil det være behov for å gjennomføring av prosjektet i andre lokalar. Grønn Knapp AS er nyoppretta og har ikkje betalende medlemmer eller regnskap å syne til.

Prosjektet er uklår med omsyn til kommersiell/ikkje kommersiell drift og korleis tiltaket blir finansiert. Rådmann innstiller på avslag.

Orkesteret Fossegrimen

Orkesterkonsert 10.02.18 i Knarvik kyrkje med fylgjande program: Frå "Music for the Royal Fireworks" av Georg Friederich Händel, Norsk rapsodi for orkester av Erik Eggen, 1. sats frå symfoni nr. 9 av Franz Schubert. Oboisten Karolina Chmielewska er solist i konsert for obo

og strykarar av Benedetto Marcello, og fiolinisten Sondre Fjose Sandberg er solist i "Introduction et Rondo Capriccioso" for fiolin og orkester av Camille Saint-Saëns. Dirigent er Dagfinn Rohde. Konferansier er prof. Gunnstein Akselberg. Dagen etter vert programmet framført på Voss. I vedlagde budsjett er rekna med kostnader med innstudering og framføringar i Knarvik kyrkje og i Nain på Voss.

Orkesteret er ikkje heimehøyrande i Lindås eller Nordhordland.

Rådmann innstiller på avslag.

INVESTERINGAR

Alversund musikklag

Musikklaget treng nye stolar til huset sitt til øvingane og nye bord. Borda dei har er utslitne, ulike og er lånt av eit anna lag. Huset vert nytta av andre lag og organisasjonar, samt av privatpersonar til styremøter, årsmøter, konfirmasjon mm

Bygdelaget 5915

Bygdelaget 5915 har gått til innkjøp av eit flygel – Yamaha N3 Avant Grand. Flygelet er kjøpt brukt for kr 85.000. Midtgard bedehus/Dalebygdens indremisjon har løyvd kr 30.000 til flygelet. Bygdelaget 5915 søkjar m. a kulturmidlar på kr 15.000. resten er tenkt finansiert gjennom gåve, basar, spleis konsertar, flaskeinnsamling mm.

Bygda har gått inn med kr 1.750.000 i bidrag til storstova, herunder kr 250.000 til lyd/lys.

Oster Brass

Det søkas midlar til kjøp av musikkinstrument, eks Eb-kornett. Flygelhorn, trommesett, skarptromme, diverse småperkusjon og oppbevaringskasser for slagverk.

Det er ikkje venta at korpsmedlemar skal eige slike instrument sjølv.

Skodvin skulemusikk

Det søkas midlar til kjøp av musikkinstrument, baritone.

Alversund skulemusikkorps

I samband med at korpset skal til NM i Bergen i juni for første gong på nærare 20 år, og dei gamle uniformane og genserane er like gamle, er det viktig for ungdommane å kunne ha på seg noko som gir ein felles identitet under meisterskapet og landsfestivalen.

3800 IDRETT

Til disposisjon: **kr 836.000**

Rådmann si framlegg **kr 879.780**

Kategori	Søkt	Rådmannens framlegg
Drift	1.195.000	731.280
Aktivitet/prosjektilskot	238.800	63.500
Investeringstilskot	443.000	85.000
Totalt	1.696.800	879.780

Bakgrunn for overskridelsar

Vi har fått søknad frå Bergen- og Hordaland turlag om tilskot til sikringshytte ved Kalvedalshytta. Rådmannen innstiller på kr 40.000

Vidare er det komme søknad frå Trond Mohn Games 2018 om kr 8.000. Trond Mohn er som kjend ein betydeleg bidragsyter til idretten, også i Lindås kommune. Trond Mohn Games 2018 er ei hyllest til Mohn i samband med at han fyller 75 år i år.

Kommentar driftstilskot

Lag som driv idrettsskule og/eller tilbod for menneske med nedsett funksjonsevne, får ekstra tilskot til tiltaka.

Kommentar drift

Aldersgruppe	Tilskot pr/medlem
0-19 år	Kr 225
20 år +	Kr 90

I tillegg blir det gjeve tilskot for lag som driv idrettsskule for barn og for lag som driv tilbod til menneskar med nedsett funksjonsevne.

AKTIVITET/PROSJEKTTILSKOT

FIL/AKS -77

Klubben ønskje å få til ei treningssamling i Strandebarm for utøvere frå 11 år. Dette blir ei samling med trening og sosialt samvær.

Seim idrottslag

Topptrimmen er eit prosjekt Seim idrottslag gjer saman med Seim skule. Idrettslaget har stått for utgifter med innkjøp av klippekort, tenger, kart over toppene, regler og premiering. Trekning av premier er før skuleslutt i juni.

Knarvik IL - håndball

Knarvik IL handball jenter skal delta på Stord Cup. Turen er planlagt saman med andre jente- og gutelag i Knarvik IL handballklubb.

Det søkas kun midlar til jenter -07, men ikkje for alle deltakande lag frå Knarvik IL handballgruppe som skal delta på cup'en.

Søknaden er avslått.

Nordhordland ballklubb

NBK arrangerer TINE fotballskule i samarbeid med TINE meierier. Fotballskulen er for alle barn i alderen 6-12 år og arrangeras i august. NBK søkjar å halde lav deltakaravgift for at flest mogleg skal få delta.

Nordhordland ballklubb

NBK samarbeider om barnefotball i Nordhordland med Knarvik IL, Alvidra og Seim idrottslag. Det året ein fotballspelar i dei tre samarbeidslaga fyller 13 år, er det overgang til NBK. For at denne overgangen skal bli og for deltakarane, har ein valt å arrangere overnattingssamling for gruppa.

Målet er at ein skal bli kjend med dei nye lagkameratane og skape ein sosial fellesskap så fort som mogeleg.

Nordhordland ballklubb

Hausten 2014 søkte NBK Norges fotballforbund om å bli godkjend som Kvalitetsnivå 1. Utviklinga som har skjedd i klubben har vert god. No ønskjer klubben å bli ein NFF Kvalitetsklubb 2.

Ein av dei mest sentrale områda for NBK er kompetanseheving for trenare og leiare. Ein ønskje at flest mogeleg skal ha C-lisens/grasrotrenarkurs og leiarkurs. Laget søker difor midlar til denne kompetansehevinga i laget.

Nordhordland ballklubb

NBK har etablert eit «inkluderingsfond» der familiar med utfordrande økonomi kan søkje tilskot slik at barna deira kan delta på cup'ar og andre aktivitetar som har ein kostnad. Tiltaket er eit inkluderingsiltak for at alle skal kunne få vere med på lik linje med andre på laget.

IL Alvidra

Tursti prosjektet er ein vidareføring av arbeid med tursti som er gjennomført – opprustning av Gamle Fjellsendevegen. Trinn 2 er opprustning av tursti frå Fjellsende og nordover. Den frivillige innsatsen står høgt i prosjektet og bidrar til å skape fellesskap og livskvalitet i nærmiljøet.

Kløyheim bygdela

Formålet med prosjektet: Få bygdefolk og andre friluftinteresserte ut på tur. I dag har er det omlag 36 km med merka stier i Kløyheim- Krinsen. Målgrupper: Få både unge og vaksne ut for å bruke naturen. Bakgrunnen for tiltaket: I samband med det landsomfattande Turskilt- prosjektet og i samarbeid med Lindås Kommune, har Kløyheim Bygdela v/ turgruppa fått midlar til merking med turskilt og tavler. Området har hatt nokre stiar med enkel merking tidlegare, men har og allereie fått mange nye stiar rydda og merka.

Trond Mohn Games 2018

I samband med at finansmann og ein stor bidragsyter til idretten, Trond Mohn, fyller 75 år i 2018, er det teke initiativ til Trond Mohn Games. Det er m. a. Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune som i samarbeid med idrettslag har teke dette initiativet. Trond Mohn Games arrangeras på Fana Stadion 22. august. Fleire kjende namn frå idretten skal delta, m.a. brødre Ingebrigtsen frå Stavanger. I Lindås kommune har Trond Mohn m.a. finansiert fleire ballbingar, idrettsanlegg og gitt gåve til Knarvik kyrkje.

INVESTERINGAR

Seim skyttarlag

Skytebana har elektroniske skivar på innandørs- og utandørsbaner. Seim skyttarlag ønskjer å utvide kapasiteten, samt skifte ut noko eldre skytermateriell. For å avvikle treningar og arrangere stevner, er laget avhengig av å ha utstyr som fungera.

FIL/AKS-77

Etter det kom nye krav til påmelding og rapportering av resultatata på friidrettsstevner, er klubben avhengig av å få ein plass som kan fungere som sekretariat (og speaker bod) under

stevner. Dette er bakgrunn for at klubben har lagt ned så mye pengar og dugnadstimer i vedlikehald i den gamle speakerboden som skal fungere som klubbhus.

Nordhordland pistolklubb

Grunna auka aktivitet og mogelegheit for å delta i fleire greiner og aktivitet, etablerer klubben seg nå med utandørs skytebane i Stokkedalen skyteanlegg. I samband med dette har klubben store kostnader knytt til dette arbeide.

Bergen og Hordaland turlag

Kalvedalshytta

Kalvedalshytta ligg 400 moh. ved Storavatnet i det verna Eikefetvassdraget i Lindås kommune. Hytta blei bygd i 2001 og har sengeplass til 20 personar.

Hytta ligg i eit område som har lang sommarsesong med snøfri sti frå tidleg vår og langt utover hausten. Vinteren2017/18 har vore snørik og mange har nytta høvet til å på ski til Kalvedalen. Den mest brukte tilkomsten er frå Romarheimsdalen med parkering i Stusdalen. Det er ei klar overvekt at lokale brukarar av hytta og den er drive av Nordhordland Turlag med frivillige busett i Lindås kommune.

Området har fine tilhøve for fiske og friluftsliv. Mellom grøne dalar og fiskevatn reiser gråfjell seg på over 800 moh.

Like ved hytta ligg eit stølsmiljø der den eldste bygninga er datert tilbake til slutten av 1700-talet. Kalvedalshytta ligg lengst vest i hyttenettet i Stølsheimen. Frå Kalvedalen kan ein gå til Dyrkolbotn Fjellstove og vidare inn i Stølsheimen via Skavlabu, Vardadalsbu osv.

Det er enkelt å nå hytta frå Stusdalen, som er ei rute godt egna for barnefamiljar. Om ein vil ha ein lenger og meir utfordrande tur kan gå frå Nord-Kvingo i Masfjorden eller Andvik inst i Masfjorden.

Prosjekt - sikring

To hytter på eitt tun gir sikring dersom det skulle oppstå problem på den eine hytta og bidrar slik til tryggleik i fjellet. Alle nye hytter i DNT byggjast med sikringshytter. BHT freistar å utstyre alle sine hytter, gamle som nye, med sikringshytter. I ein kommunal kontekst, vil den nye turlagshytta i Kalvedalen vere å rekne som eit nærmiljøanlegg. Turen frå Stusdalen er kort og egna for barnefamiljar. Det er sær s spennande for barn og unge å få overnatte på turlagshytter og vere nære naturen over fleire dagar.

Prosjekt: kapasitetsauke

Kalvedalen Turisthytte ligg i eit flott turområde som BHT gjerne vil legge betre til rette for besøkande og skuleklassar. Den eksisterande hytta er ikkje eigna for større grupper då den er lita, trong og mørk. BHT ynskjer å sette opp ei sikringshytte med 14-16 sengeplassar inkl. madrassar på loft. Det skal også leggjast til rette for hund på sikringshytta og det skal vere lagerplass for utstyr til båt og kano samt ved.

Det er ofte veldig fullt på Kalvedalshytta på godversdagar og i helgar. Hyttetilsynet har lenge ynskt seg større kapasitet. Auke i kapasitet vil også føre med seg større besøk og større bruk av området.

Hytta skal byggjast i tråd med miljøet rundt og skal vere ei klassisk turlagshytte som glir godt inn i eit stølsmiljø.

Hytta skal ligge om lag 40 meter frå hovudhytta.

Hytta er prosjektert og skal byggjast i løpet av sesongen 2018.

Budsjett

Prosjektet har budsjetttramme på 2.015.000 kroner. Vi søker 200 000 kroner frå Lindås kommune. Vi søker også om bidrag frå spelemidlar, Olav Thon-stiftinga og sparebanken vest m.fl. Sjå vedlagt budsjett for detaljar.

Vi vonar Lindås kommune har høve til å støtte bygging av ny turlagshytte i Kalvedalen. Den vil vere eit flott turmål og bidra til god folkehelse og fine naturopplevingar for innbyggjarane i Lindås kommune.

3850 ANDRE AKTIVITETSTILBOD

Til disposisjon kr 220.600
Rådmann si framlegg kr 212.600

Kategori	Søkt	Rådmannen si framlegg
Drift	311.900	90.600
Aktivitet/prosjekttilskot	70.000	36.000
Investeringstilskot	461.000	86.000
Totalt	842.900	212.600

Kommentar driftstilskot

Dyrebeskyttelsen Norge søker tilskot til drift av organisasjonen. Ingen spesielle tiltak er nemnd i søknaden. Søknaden er føreslått avslått.

AKTIVITET/PROSJEKT

Alversund sokn

Alversund sokn skal arrangere konsert/gudsteneste med Edel formidling (Lindås basert kulturbedrift) med påske som tema.

Landsforeininga for pårørende innan psykisk helse – Nordhordland

Kvar vinter inviterer Hordaland fylke til arrangement i Myrkdalen eller på Oset høg fjellshotell. I 2018 er det Oset Høg fjellshotell som er valt. Psykisk helse – Nordhordland skal sende deltakara frå Nordhordland, også Lindås. Lindås kommune v/helse støttar ikkje tiltaket med personale m/lønn. Det er naudsynt at 1-2 personar er med som leiare. Det søkjast midlar til reise/oppald for 2 leiare.

Lindås bygdelaq

Lindås bygdelaq vart stifta 10. juni 1993. I 2018 har Lindås bygdelaq vert ein kulturformidlar og formidlar av bygdehistorie i 25 år. I samband med markering av jubileet, vil laget gi ut eit jubileumsskrift til innbyggjarane i Lindåsbygda. Jubileumsskrifteter og meint som informasjon om kva laget har bidratt med i desse åra, i tillegg ynskjer dei å skape blest om laget for på den måten rekruttere nye medlemmar.

Bygdelaqet 5915

Bygdelaqet 5915 har blitt eit Liv & Lyst prosjekt. Målet for Bygdelaqet 5915 vil vere auka mangfaldet og utvida krinsen av engasjerte innbyggjarar og få til eit breiare fellesskap rundt eksisterande aktivitetar og etablere nye etter Liv & Lyst prinsippet. Det er førebels arrangert eit fråsparkseminar.

INVESTERINGAR

Vestre Vassbygd grendehus

Vestre Vassbygd grendehus er 102 år gammalt og tener i dag som forsamlingshus. Det elektiske anlegget er utdatert og treng oppgradering.

Haugatun samfunnshus

Som del av seinare års renovasjon av huset for å auke nytteverdien for bygda, er det iverksatt oppussing av kjellaren slik at denne skal egne seg til bruk for ulike arrangement.

Lindås indremisjon

Laget ønskjer å få installert varmepumpe for å skape meir balansert varme i lagshuset og samstundes redusere oppvarmingskostnader.

Stranda bygdelag

Lagshuset har framleis lekkasje i taket. Noko blei reparert i 2017, men huset er gammalt. Det er også naudsynt å male ei utvendig vegg, der noko av kledninga kanskje må skiftas.

Hundvindgrend sanitetsforeining

Eiar eit lagshus der delar av huset er utleigd til Hundvin naturbarnehage. Dei har fått pålegg om å lage rømmingsveg frå 2. etasje samt sette opp gjerdet rundt eigedomen.

Amcar Nordhordland

Amcar Nordhordland ønskjer å invitere motorinteressert ungdom inn i laget. I søknaden står det ikkje noko om korleis laget skal gå fram for å gjennomføre dette. Det einaste som er oppført er kjøp av utstyr til kr 170.000. Rådmann innstiller på avslag.

.....

Vedlagte saksdokument:

Kulturmidlar idrett - Uttale frå Lindås Idrettsråd 2018	226652	09.05.2018
2310 Barn og unge	225955	04.05.2018
3750 KULTURVERN OG SAMLINGER	226301	07.05.2018
3770 KUNSTFORMIDLING OG MUSIKK	226302	07.05.2018
3850 ANDRE KULTURAKTIVITETER	226303	07.05.2018
3800 IDRETT 2017	226651	09.05.2018
3850 ANDRE KULTURAKTIVITETER	226304	07.05.2018
Lindås Kulturråd - uttale fordeling kulturmidlar 2018	226654	09.05.2018

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
032/18	Levekårsutvalet	PS	22.05.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Eileen M Feste	18/1475

Utgreiing: mogleg plassering av eit regionalt kulturhus med badeanlegg i Knarvik

Vedlegg:

Prosjektmandat utgreiing mogleg plassering av regionalt kulturhus med badeanlegg i KnarvikForstudie RKB Knarvik -17.12.12 (3)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Vedlagt prosjektmandat vert godkjend.

.....

Saksopplysningar: Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Levekårsutvalet.

Bakgrunn

Sjå vedlagt prosjektmandat.

Vurdering

Resultatmål:

1. Lage eit beslutningsgrunnlag som set politisk leiing I stand til å vurdere kvar vi kan plassere eit regionalt kulturhus med badeanlegg, i Knarvik.
2. Utgreiinga skal peike på fleire aktuelle tomtar, og vurdere/prioritere dei etter kriteria i moglegheitsstudie.

Utgreiinga vert presentert for formannskapet i januar 2019

.....